



Ingeniør Arland AS
Eidsvågbakken 1
5105 EIDSVÅG I ÅSANE

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/1013 - 21/9319

Saksbehandlar:
Thomas Skår
thomas.skar@masfjorden.kommune.no

Dato:
16.11.2021

Melding om delegert vedtak- søknad om løyve til sprenging og planering av omlag 420 m² gbnr 32/87, Kvamme industrifelt

Administrativt vedtak. Saknr: 135/2021

Tiltakshavar: Engesund Fiskeoppdrett

Ansvarleg søkjar: Ingeniør Arland AS

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

VEDTAK:

Masfjorden kommune viser til plan- og bygningslova § 20-1 og godkjenner søknad om løyve til sprenging og planering av omsøkt område på om lag 420 m² gbnr 32/87, Kvamme industrifelt.

Søknad med vedlegg mottatt 01.11.2021 vert godkjent på fylgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart mottatt 01.11.2021.
- Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

Grunngjeving: Søknaden er i tråd med reguleringsplan for Kvamme industrifelt.

Heimel: Plan- og bygningslova § 20-1 og reguleringsplan for Kvamme industrifelt.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT. KL.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Ingeniør Arland AS	979971044	S	2	Ansvarleg søker
PRO					
Arkitektur	Ingeniør Aarland AS	979971044	S	2	Situasjonsplan og terrengprofiler
UTF					
Sprenging, planering, muring, rør i grunn	Haugsvær Maskin AS	985442320	S	2	Sprenging, planering, muring, rør i grunn

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søker seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søker stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan

eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.5	Basisgebyr konstruksjon og anlegg	1	9600,-
	Totalt gebyr å betala		9600,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Thomas Skår
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Kopi til:

Engesund Fiskeoppdrett AS Postboks 64 5418 FITJAR

Mottakarar:

Ingeniør Aarland AS Eidsvågbakken 1 5105 EIDSVÅG I ÅSANE

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn


Det er i søknad mottatt 01.11.2021 søkt om løyve til sprenging/planering av areal gbnr 32/87, Kvamme industrifelt.

2. Uttale

Søknaden er nabovarsla i samsvar med plan- og bygningslova § 21-3. Det føreligg merknad frå eigarar av gbnr 32/11. Merknad går ut på utslepp, støy og bråk frå industriområde, vegrett til deira eigedom, samt ynskje om kompensasjon for verditap ved å overta tilleggsareal til deira eigedom. Merknadar omhandlar i hovudsak privatrettslege høve. Ansvarleg søker har kommentert inkomne merknader på eige ark.

3. Fakta

Saka gjeld søknad om løyve til sprenging/planering av areal gbnr 32/87, Kvamme industrifelt. Arealet er avsett til industri og kaiområde i reguleringsplan for Kvamme industrifelt vedteke 19.12.2000. Det er søkt om utviding av eksisterande kaiområde. Arealet utgjer om lag 420 m² og skal planerast på nivå med resten av kaiområdet. Omsøkt areal er vist med raudt på situasjonskart under.



4. Vurdering

Ingeniør Aarland AS vert godkjent som ansvarleg søker for tiltaket, og er ansvarleg for at alle oppgåver er belagt med ansvar. Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

5. Konklusjon

Søknad om løyve til sprenging/planering av om lag 420 m² på gbnr 32/87 vert godkjent som omsøkt.